

ÅRSPLAN 26/27

Olderdalen FUS kulturbarnehage



Olderdalen FUS
kulturbarnehage

INNHALD

1. Om årsplanen og måla FUS har for barnehagane

Visjon
Verdiar
Hovudmål

2. Om barnehagen

3. Vårt verdigrunnlag

Barn og barndom
Demokrati
Mangfald og gjensidig respekt
Likestilling og likeverd
Berekraftig utvikling
Livsmeistring og helse

4. Barnehagen sitt føremål og innhald

Sosioemosjonell støtte og veiledning
Organisering og leiing
Læringsstøtte

5. Barn sin medverknad

6. Samarbeid

Foreldresamarbeid
Samarbeid med andre instansar

7. Overgangar

Tilvenning i barnehagen
Overgangar innad i barnehagen
Overgang frå barnehage til skule

8. Barnehagen som pedagogisk verksemd

Lærande organisasjon
Planlegging
Vurdering
Dokumentasjon
Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte.

9. Barnehagen sine fagområde



**BARNET
FØRST!**



1. OM ÅRSPLANEN OG FUS SINE MÅL FOR BARNEHAGANE

Denne årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar for å oppfylle krava i den nasjonale rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver. Årsplanen skal også beskrive korleis vi jobbar for å nå FUS sine felles målsettingar for barnehagane.



FUS sin visjon:

Saman gir me barndomen verdi: vennskap, leik og glede – og kvardagsmagi.

Visjonen er leiestjerna vår og den stakar ut ei retning for kva me ønsker at FUS barnehagane skal oppnå – no og i framtida. Visjonen er det me strekk oss etter kvar dag i møte med barn, foreldre og kollegaer.

Våre metodar for å jobbe mot visjonen:

For å bli betre i forhold til FUS sin visjon og verdier skal personalet spesielt ha fokus på:

- ...å sjå barna- meir enn berre å «sjå» på dei...
- ...å høyre barna- meir enn berre å «høyre» på dei...
- ...å forstå barna
- ...å anerkjenne barna
- ...å respektere barna
- ...mellommenneskelege forhold
- ...læring og personleg utvikling
- ...rolla vår som gode rollemodellar overfor barna, foreldra og kvarandre
- Me fokuserer på den autoritative vaksenrolla
- Me legg til rette for leik både ute og inne
- Me er rettleiarar i leiken for barna
- Me er positive rollemodellar og pådrivarar i leiken
- Me fangar opp dei små øyeblikka og løftar dei opp til kvardagsmagi
- Speler vidare på barnas interesser og kva dei er opptekne av
- Varierende leikemiljø
- Glødane vaksne som gjer kvarandre gode

Verdier:

Glødande, skapande og tilstadeverande

Verdiane er kulturberarane i FUS. Verdiane fortel kva me står for, kva me trur på og kva som er viktig for oss. Dei er ei kjelde til motivasjon og inspirasjon i det daglege arbeidet i barnehagen på vegen for å verkeleggjere visjonen.

Våre metodar for å jobbe i tråd med verdiane:

- I Olderdalen er me tilstades, deltakande og leikande saman med barna, me er «ladestasjonar» og støttande stillas for barna
- Me skapar gode augneblikk og undrar oss saman med barna
- Me møter barna med eit smil og viser med kroppen at me er glad for å sjå dei
- Me ser kvart enkelt barn og deira behov
- Me legg til rette for meistring og utvikling for barna
- Me brukar kvarandre sin styrke og gjer kvarandre gode
- Me viser tolmod og motiverer kvarandre
- Me tar barnet på alvor og vil barnets beste
- Me jobbar aktivt for eit godt arbeidsmiljø
- Me er positive rollemodellar, har positive haldningar og positivt kroppsspråk

Hovudmål:

- FUS barn har eit positivt sjølvbilet.
- FUS barn er trygge og forskande, trivast i lek og har vennekompetanse.
- FUS barn gler seg til “resten av livet”, og veit at dei har moglegheit til påverknad og at innspela deira tel
- FUS barn har det gøy i barnehagen.

Våre metodar for å jobbe mot måla:

- Alltid «Barnet først»
- Me viser at me er glade i barna ved å vera tett på, ha positivt kroppsspråk og verbalspråk
- Barna skal få utvikle seg gjennom lek, omsorg og læring i eit trygt miljø, samtidig som dei skal oppleve meistring og få nye utfordringar
- Kvardagen i Olderdalen skal vera god for alle – barna skal vera i fokus
- Me brukar metodane i CLASS og TIK
- Me jobbar med sosiale kompetanse og bygger gode relasjonar
- Me framsnakk barna i påhør av andre barn og vaksne



FUS-kjeden har eit felles slagord: «Barnet først».

Det inneber at alt me gjer skal vera til barnets beste. «Barnet først» er og namnet på kompetanseutviklinga vår, der målet er eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet i alle barnehagane våre.

I denne årsplanen er kapitla bygd opp slik: Først ei framstilling av kva Rammeplanen seier, så ei utgreiing av korleis me vil gjennomføre dette i praksis.



2. OM BARNEHAGEN

Olderdalen FUS kulturbarnehage opna i mars 2008 - me held til i Myrateigen på Heiane.

Barnehagen vart bygd som ein open basebarnehage, men fungerer pr. i dag som avdelingsbarnehage kor barna er inndelt i mindre grupper, både på litlebasen og på storebasen.

Me har valgt å dela barna inn i faste grupper etter alder – så langt det lar seg gjera- og med faste vaksne på gruppene.

I løpet av hausten 2026 blir det 73 barn i Olderdalen, og det er 20 ansatte - fordelt på ulike stillingar.

I tillegg kjem praksisplassar, evt. språkopplæringsplassar og vikarar.

Me har valgt å vera kulturbarnehage og er **kulturformidlarar i kvardagen med fokus på arv og tradisjon, leik og gode opplevingar.**

I Olderdalen har me dette barnehageåret desse gruppene:

Akka Bakka (1 og 2) - Bonka Rakka – Fillifjongane (1 og 2) - Issa Bissa

Barnehagen ligg plassert i ytterkant av industri-området Heiane - næringsområde på den eine sida, og meir landlege omgjevnader rundt Hatland/Digernes. Det er og bustadfelt og gardar på Horneland i nærmiljøet vårt.



**SAMMEN GIR VI
BARNDOMMEN VERDI:
VENNSKAP, LEK OG GLEDE
OG HVERDAGSMAGI**

Mykje i nærmiljøet har endra seg sidan oppstarten i 2008. Områda som vert mest brukt til ulike turar er Digernesskogen, Rabbafossen, Hornelandsvågen, Valvatnaskogen, Skjepåsen, Kårevik, Sæbø gård og Hatland - som alle er fine turområder, og som ligg i gåavstand frå barnehagen.

Dei eldste barna nyttar andre områder til lengre turar. Me disponerer eit skogsområde på Horneland som er like i nærleiken av barnehagen. Her har me satt opp gapahuk og bålpanne, og det er tilrettelagt for grovmotorisk leik og fysisk fostring.

Me har gåavstand til Heiane næringsområde kor det er stort vareutval, og barna kan vera med på deler av innkjøpa.

I nærleiken av barnehagen har me bussforbindelsar som går til «Vikjo».

Olderdalen FUS kulturbarnehage

Olderdalen FUS kulturbarnehage
Myrateigen 2,
5412 Stord

Dagleg leiar: Anne Mari Vestvik Matre
Telefon: 53 01 90 90
Mobil: 415 32 347
Mail: dl.olderdalen@bhg.no

Heimeside: fus.no/olderdalen
Facebook: Olderdalen FUS
Instagram: [olderdalenfus](https://www.instagram.com/olderdalenfus)



3. VÅRT VERDIGRUNNLAG

«Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi, og barnehagen skal ha ei heilskapleg tilnærming til barna si utvikling. Samfunnsmandatet til barnehagen er, i samarbeid og forståing med heimen, å vareta barna sitt behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for ei allsidig utvikling.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7)

Barn og barndom

«Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet. Barns liv blir påverka av omgivnadene, men barn påverkar òg sitt eige liv.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Vårt syn på barn og barndom:

- Barna er unike og kompetente
- Barna sin leik, ytringar, uttrykksmåtar (verbale og non-verbale) skal leggjast til grunn når me planlegg og vurderar arbeidet og prosjekt
- Barnet skal møtast som individ og med empati
- Barnet først og barnet sitt beste er det viktigaste
- Me tar barna på alvor og ser barna for den dei er
- Barna opplev at personalet har positive haldningar

Demokrati

«Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrde og delta. Gjennom å delta i barnehagefellesskapet skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8)

Våre metodar for å fremje demokrati:

- Me reflekterer saman med barna om kva demokrati er, og kvifor det er eit godt fungerande system
- Me har fokus på ulikhet og mangfald i gruppa
- Alle har ei stemme og rett til å meine noko om situasjonen dei er i

- Barna lærer om turtaking og respekt for andre, ved t.d. å vente på tur og lytte til andre
- Personalet har ansvar for å gje barna val der dei kan velje og samstundes ta avgjerdse der dei ikkje har eit val, noko som skapar tryggleik og forutsigbarhet
- Alle barna får mulighet til å uttrykke seg, bli høyrte og kan delta, t.d. i samling, ved måltid, o.l.
- Me lærar barna at dei har ei stemme, men at det likevel er fleirtalet som avgjer
- Me har fokus på medbestemmelse

Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barnehagen skal bidra til at alle barn føler at dei blir sett og anerkjende for den dei er, og synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet. Barnehagen skal leggje til rette for kulturmøte, gi rom for barna si eiga kulturskaping og bidra til at alle barn kan få oppleve glede og meistring i sosiale og kulturelle fellesskap.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Våre metodar for å fremje mangfald og gjensidig respekt:

- Me lærer barna at alle er like mykje verd og betyr like mykje
- Barna blir sett, anerkjent og tatt på alvor for den dei er
- «Den gode hjelpar» og barnet si bursdagsfeiring er gode markeringar kor alle barna etter tur får vera i fokus
- Me markerar felles kultursamlingar gjennom ulike tradisjonar i løpet av året
- Me reflekterer saman med barna at me skal respektere kvarandre.
- Alle er ulike og barna får kjennskap til at det er mangfald både i barnehagen, i familiane og i samfunnet generelt
- Me samtalar med barna i fellesskap, og lagar felles gruppereglar

Likestilling og likeverd

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærlig.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje likestilling og likeverd:

- Gjennom refleksjonar, samtalar, bøker, tema og samlingar snakkar me om likestilling og likeverd
- Me er opptekne av gode relasjonar mellom menneska i barnehagen – både barn, ansatte og foreldre
- Personalet er gode rollemodellar
- Me viser respekt og har gode haldningar til barn uavhengig av kjønn, etnisk- og sosial bakgrunn, kultur, religion og livssyn, språk og funksjonsevne
- Me behandlar barna ut frå sin ståstad
- Barna blir delt inn i mindre grupper, alle skal bli sett, høyrte og oppmuntra til å delta i fellesskapet i gruppa

Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Våre metodar for å fremje berekraftig utvikling:

- Ha fokus på livsmestring og helse gjennom å imøtekomma barna sine behov for tryggleik og meistring i kvardagen, og at kvart barn skal ha ei god psykisk helse
- Lære barna om utviklinga av, og evna til å meistra eigne tankar og kjensler

- Me har fokus på nærmiljøet og reflekterer saman med barna om kva me kan gjera for å ta vare på naturen.
- Me lærer barna korleis dei kan ta vare på seg sjølv både i forhold til mat, kvile, påkledning, personlig sfære, og å setje egne grenser
- Me gir barna gode og minnerike naturopplevingar, og lærer barna å bli glade i naturen

Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørsleglede og den motoriske utviklinga til barna. Måltid og matlaging i barnehagen skal gi barna eit grunnlag for å utvikle matglede og sunne helsevanar.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11)

Våre metodar for å fremje livsmeistring og helse:

Rammeplanen seier:

“Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing.”

Me ynskjer å bidra til at barna utviklar eit positivt sjølvbilet gjennom meistringsopplevingar. Me skal støtta barna i å meistra motgang, handtera utfordringar og bli kjend med egne og andre sine kjensler. Me skal leggja til rette for gode kvardagar her og no, noko som vil rusta dei til å handtera det livet som kjem.

Livsmeistring handlar om å imøtekomma barna sitt behov for lek, tryggleik, og meistring i kvardagen. Dei gode erfaringane barn gjer i møte med andre barn og sensitive tilsette vil bidra til at robusthet, trygghet og motstandsdyktighet vil auka.

Psykiske helse er utviklinga av og evna til å meistra tankar, kjensler og krava i kvardagen. Alle har ei psykisk helse - som kan være god eller mindre god. For at barn skal kunna omgås kvarandre på positive måtar er det viktig at dei også klarar å forstå og fortolka andre sine kjensler. I arbeidet med barns livsmeistring er det viktig å fremja psykisk helse og førebyggja psykiske vanskar og lidingar.

Fysisk helse er viktig for at barn skal ha det bra. Det er stor samanheng mellom kosthald og korleis dette påverkar den fysiske aktivitetane. Eit godt og allsidig kosthald er viktig for at barn skal oppnå ei normal utvikling og normal helse. Fysisk aktivitet har betydning for barns mentale helse.

I Olderdalen jobbar me med livsmeistring og helse gjennom:

- ”Barnet først”
- gode opplevingar og gode relasjonar, lære barna forskjell på rett og gale
- fokus på tilvenningstida
- vaksne er ”støttande stillas” og trygge basar
- fokus på barna sine egne vurderingar og deira perspektiv på rett og gale
- fokus på barnet sin bursdag
- samtalebilder, kort og bøker om følelsar
- balanse mellom fysisk aktivitet og kvile, som t.d. turar, dans, leikar og kvilestund
- alle barn og alle vaksne er like viktige
- la barna bli kjent med/trygg på egne følelsar, og hjelpe dei med sjølvregulering
- verktøy/opplegg via t.d. snakkemedbarn.no, jegvet.no, rvts.no

Samtalebilde, kjenslekort, songar og bøker:

Gjennom ulike biletillustrasjonar blir me kjend med blant anna ei mus, kanin og piggsvin sine ulike kjensler og opplevingar. Dette nyttast i samlingar tilpassa dei ulike barna sin alder.

Den gode hjelper: Eit barn som blir den gode hjelper på sin avdeling og får ekstra merksemd og ekstra ansvar gjennom dagen. Barna lærer at det er kvar sin tur, alle blir «sett»/konsentrert merksemd, aktiv deltaking/ansvar gjennom heile dagen.

Det gode måltid: Faste måltid, med sunt kosthald. Vaksne og barn som pratar saman og rundt bordet og har ei god matoppleving med nok tid og ro rundt seg.

Balanse mellom fysisk aktivitet og kvile: Nok fysisk og motorisk utfordring gjennom turar, uteleik og inneleik. Tid og rom for avslapping og kvilestund til musikk og lesestund.

«De syv psykiske helserettighetene – av professor Arne Holte, professor i helsepsykologi. Alle har en rett til en følelse av:

- **Identitet og selvrespekt:** Følelsen av at du er noen og at du er noe verdt.



- **Mening i livet:** Følelsen av at du er del av noe som er større enn deg selv, at det er noen som trenger deg. Det kan være familien, venner, barnehagen, skolen, nabolaget, jobben, eller en organisasjon. Du kan også hente denne følelsen fra religion eller filosofi? Skal denne setningen vera med?
- **Mestring:** Følelsen av at du duger til noe, at det er et eller annet du får til. Det er nesten det samme hva det er, bare det er noe.
- **Tilhørighet:** Følelsen av at du hører til noen, at du hører hjemme et sted.
- **Trygghet:** Følelsen av at du kan tenke, føle og utfolde deg uten å være redd. Kanskje ikke alltid, men som oftest.
- **Deltakelse og involvering:** Følelsen av at det faktisk spiller en rolle for noen andre hva du gjør eller ikke gjør.
- **Fellesskap:** Følelsen av at du har noen som du kan dele tanker, følelser og erfaringer med, noen som kjenner deg, som bryr seg om deg og som du vet at vil passe på en når det trengs. Du er ikke alene.»

Her kan du lese meir om eit trygt og godt barnehagemiljø:

[Plan for eit godt psykososialt barnehagemiljø i Stord kommune j](#)

Trygghetssirkelen

Foreldre med fokus på barnets behov

© Cooper, Hoffman, Marvis, & Powell, 1999



4. BARNEHAGEN SITT FØREMÅL OG INNHOLD



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik og læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. »

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 19)

Barnet først er eit heilskapleg system for å styrke dei tilsette sin kunnskap og handlingskompetanse. Det innheld tre ulike hovudområde som saman bidreg til å styrke barn si allsidige utvikling: sosioemosjonell støtte og rettleiing, organisering og leiing, samt læringsstøtte.

Sosioemosjonell støtte og rettleiing:

Sosioemosjonell støtte og rettleiing handlar om korleis dei tilsette klarar å skape ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle gode relasjonar med andre, oppleve glede ved å lære noko nytt, oppleve tryggleik og tilknytning og ha ei oppleving av sjølvstende.

Positivt klima: I eit positivt klima smiler og ler dei tilsette saman med barna. Me ser mange bevis på at dei har ein god relasjon til barna, og dei viser entusiasme og interesse både med kroppen og stemma. Dei er der barna er, i barna si høgde og med kroppen vendt mot dei.

Negativt klima: Det er fråvær av at dei tilsette straffar, hånar, kjeftar og ertar barna.

Sensitive voksne – trygge barn: Å vere sensitiv handlar om å vere merksam og respondere på dei enkelte barn sine teikn på at dei har behov for støtte. Dei tilsette kjenner barna godt. Dei merkar dersom barna er urolege, redde, uoppmerksame, uinteressert, og dei tilpassar åtferda si for å respondere på det dei ser.

Barns perspektiv og medverknad: Dei tilsette følgjer barna sine initiativ og idéar, viser fleksibilitet og ivaretek barna sitt perspektiv. Dei let barna uttrykke seg og etterspør barna sine idéar, gjev barna ansvar og oppmuntring til å klare seg sjølv.



Emosjonskompetanse hos barn og tilsette:

Emosjonskompetanse handlar om å identifisere og forstå egne kjensler og handtere frustrasjon. Det handlar om å hindre at stress og uro overvelder evna til å tenkje klart, og å ha kontroll over korleis og når ein uttrykker kjensler.

Emosjonsretteiing: I emosjonsretteiing er dei tilsette medvitne barnet sine kjensler, er tilstade, opprettar kontakt med barnet, viser forståing og aksept for barnet sine kjensler. Dei går inn i kjensla til barnet, og set namn på kjensla. Viss naudsynt, hjelper og støttar dei barnet i problemløysinga.

Organisering og leiing

Organisering og leiing handlar om korleis tilsette skapar ein barnehagekvardag som hjelper barn å utvikle god sjølvregulering, halde fokus og vise interesse for lek og læringssituasjonar. Dei tilsette etablerer og opprettheld rutinar og struktur for å skape føreseielegheit og tryggleik, slik at barna kan

engasjere seg i meningsfulle og utviklingsfremjande aktivitetar.

Gruppeleiing og rettleiing: Dei tilsette er proaktive og har klare forventningar til åtferd. Dei gir merksemd til ønska åtferd og gir trygge og føreseielege rammer.

Tilrettelegging for lek, læring og overgangar:

Avdelinga har klare rutinar og dei tilsette sikrar flytande overgangar. Barna kjenner til reglar, og barnehagekvardagen er prega av lite venting. Innhald og aktivitetar er godt førebudde.

Variasjon: Det er varierte og interessante material i barna si høgde. Dei tilsette tek perspektivet til barn og legg til rette for barn si deltaking i aktivitetar.



Læringsstøtte

Læringsstøtte handlar om at dei tilsette gjev støtte til barna si læring. Det teoretiske grunnlaget kjem hovudsakleg frå forskning på kognitiv utvikling og språkutvikling. Der er skilnaden mellom det å berre lære fakta og det å lære korleis fakta heng saman, er organisert og avhengig av kvarandre og lagt vekt på. Barn si kognitive og språklege utvikling er avhengig av høva dei får til å nytte eksisterande dugleikar, og om dei tilsette støttar utviklinga etter kvart som desse vert meir komplekse. Læring skjer når barnet er i samspel, er aktivt og opplever meining og engasjement. Rein instruksjon høver seg ikkje for barn i barnehagealder. Dei har behov for å delta, medverke og oppleve meining for at læring skal kunne skje.

Omgrepsutvikling, forståing og dybdelæring:

Dei tilsette nyttar læringsfremjande diskusjonar og aktivitetar saman med barna. Læring handlar ikkje berre om å tileigne seg kunnskap, men også om å nytte denne kunnskapen i nye situasjonar. Dei tilsette legg mest vekt på å auke barna si forståing, snarare enn berre å gjennomføre læringsaktiviteten. Dei tilsette relaterer nye omgrep til situasjonar, hendingar eller objekt som barna er kjende med. Gjenkjenning fremjar læring. Dei tilsette etterspør barn si tenking og problemløysing.

Tilbakemeldingar: Barn treng tilbakemeldingar på eiga læring for å få mest mogleg ut av ein situasjon/aktivitet. Når barna er i lek og held på med aktivitetar, kan dei tilsette gje hint (verbalt eller fysisk) eller stille spørsmål og kome med innspel for at barna skal halde fram med ei oppgåve lenger, og dermed oppnå auka læring og meistring. Målet er tilbakemeldingssirklar, det vil sei gjentakande spørsmål – svar – sekvensar, slik at barnet får ei djupare forståing av det aktuelle temaet.

Språk: I språkstøtte er det viktig med hyppige samtalar saman med barna, og fram – og tilbakevekslingar mellom barnet og den tilsette. Dei tilsette snakkar med barna, ikkje til barna. Dei stiller mange opne spørsmål, der det krev meir enn eitt eller to ord til svar, dei repeterer og vidareutviklar barna sine utsegn, set ord på det dei sjølv gjer og det barna gjer. Dei har eit variert språk, forklarar ord og knytter ord til hendingar/erfaringar her og no. Dei tilsette har ein klar intensjon om å fremje barn sitt språk i samtalar mellom barna og mellom barn og tilsette.

Eigenleing i lek og læring: Dei tilsette støttar barna i si utvikling av eigenleingsfunksjonane; planlegging, organisering, arbeidsminne, fleksibilitet, sjølvregulering, sjølvmonitorering og igangsetting. Dei tilsette legg til rette for eit variert og rikt leikemiljø og deltek i barna sin lek.



BARNET FØRST!

Slik arbeidar me med «Barnet først»:

Omsorg, lek, danning og læring

Rammeplanen seier at årsplanen skal vise korleis barnehagen jobbar med omsorg, lek, danning og læring.

Omsorg, lek, danning og læring må sjåast i samanheng. Barn lærer når dei leikar og leiker når dei lærer. Det er mykje god læring i omsorg, og det er mykje omsorg i god læring. Barn lærer i alle situasjonar, og uformelle situasjonar er like viktig for danning hos barn som dei formelle situasjonane. Å vise omsorg er det same som å bry seg om nokon. Omsorg er ein føresetnad for barna sin trygghet og trivsel.

I Olderdalen har me fokus på lek. Me tar barna sine innspel på alvor ved å vera i nuet, vera til stades og gi tid og rom for lek.

Om morgonen har me frileik inne. Nokre leikar familielek, andre konstruerer og bygger, og endå andre spelar spel eller les bøker.

I uteleiken ser me ofte barna i roller som t.d. piratar, kokkar, brannmann, politi eller butikkansatte. Gjennom lek får barna og erfaring med konfliktløysing, noko som kan vera til god hjelp i alle sosiale samanhengar, også i framtida. Det er lærerikt for personalet å delta, vere gode

rollemodellar og observera barna i lek, både inne og ute. Det er viktig at personalet er bevisst barna si utvikling i leiken.

Rammeplanen seier at leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen.

Når barn leikar legg dei grunnlaget for vennskap, læring og sosial kompetanse. Visjonen vår handlar om lek og kor viktig leiken er for barna si utvikling og læring.

Omsorg, lek og læring bidrar til danning hos barna. Danning er ein prosess som skjer gjennom livet, og i samspel med omgivelsane. Barn må få støtte og rettleiing når det gjeld handlingar og haldningar.

Danning og medverknad kan bli sett på som gjensidige prosessar. Slik kan barn få eit positivt forhold til seg sjølv og si eiga læring, dei kan utvikle respekt og forståing for det som er annleis. Alle barn har krav på å bli møtte som den dei er. Personalet skal hjelpe barna til å forstå at handlingane deira kan gå ut over andre. Ikkje alle handlingar er akseptable.

Danning skjer der det er trygghet og gjensidig respekt ut frå barnehagen sitt verdigrunnlag, personalet si erfaring og i samarbeid med heimen.

- danning er ein livslang læringsprosess
- danning skjer gjennom omsorg, lek og læring
- danning og haldningar heng saman: eit danna menneske er eit menneske som har og viser respekt for seg sjølv, for andre, for naturen og miljøet.

Læring går føre seg i alle situasjonar i barnehage-kvardagen, og er ein viktig del av sjølvstendiggjeringa og meistringsfølelsen til barna. Barna lærer på ulike måtar, t.d. gjennom å sjå, lytte, eller å delta aktivt for å tileigna seg læring og erfaring.

Dette må me vaksne i barnehagen vera bevisste på. For å kunna utvikla sjølvstendige barn, må personalet i barnehagen sjå kvart enkelt barn, og ivareta barnet sine ynskjer, behov og utviklingsmulighetar så langt det let seg gjer. For å få til dette deler me difor barna i mindre grupper deler av dagen.

Barna har meiningar, tankar og kjensler på lik linje med oss vaksne. Alle barn har noko dei meistrar utfrå sitt modningsnivå. For dei vaksne i barnehagen vert det viktig å sjå barna og gje dei bekrefting på det dei kan, for så å stimulera til vidare utvikling og tileigning av kunnskap.

Gjennom tilrettelegging av aktivitetar brukar me lek som innfallsvinkel til læring. Leikegrupper er ein måte å øva på sosial kompetanse, språk og kommunikasjon.

Omsorg i Olderdalen:

- Kviletid på litlebasen med eigen vognavakt, og moglegheit for kvil/kvilestund på storebasen etter behov.
- På litlebasen har me trygge fang og vaksne som ladestasjonar. På storebasen er dei vaksne ladestasjonar og støttande stillas.
- Me deler inn i små grupper/leikegrupper, då er det lettere å sjå enkeltbarnet. Me lærer barna å visa omsorg/hjelpe /trøste/ ta imot omsorg. Etterkvart som barna blir eldre får dei andre oppgåver. Den gode hjelpar får ekstra fokus i samlinga og får vera med å hjelpa til i daglegdagse gjeremål.
- I samlinga: synleggjere kven som er på avdelinga og kven som ikkje er tilstades, ved td. å lage hus med bilder av kvart barn, eller klossar med namn som viser kven som er til stades og kven som ikkje er til stades.
- Ynskjer kvart barn og forelder velkomen om morgonen, me er venlege og imøtekomande.


- Sjø kva barnet treng sjølv om barnet ikkje uttrykkjer det verbalt. Me er lydhøre, for enkeltbarnet i den store barnegruppa.
- Tar barnet på alvor og er anerkjennande vaksne, slik at barnet opplev seg sjølv som viktig og verdifull.
- Bruka tid i stellesituasjonen/toalettbesøk.

Leik i Olderdalen:

- Me fordeler leiker og utstyr på rom og deler barna inn i grupper etter alder. Kvar avdeling har sine leiker og barna flyttar etter kvart som dei vert eldre. Me lagar ulike leikemiljø ut frå barna sine interesser og modning.
- Leser bøker, går på tur saman, fortell eventyr o.l. for å få felles erfaringar.
- Dei vaksne er observante i leiken, og rettleiar barna der det trengs for å fremme ønska samspel.
- Me vurderar når det er behov for at vaksne kan vera deltakarar i leiken
- Me tar initiativ til lek og samspel for å sikre at alle blir inkludert i leiken på det stadiet dei er.
- Me har respekt for leiken i forhold til å leggje til rette for, og prioritere tid til lek. personalet er gode rollemodellar
- Leik = glede, læring og sosial kompetanse
- Barna får utvikle sosiale, kognitive og motoriske evner
- Tid til lek, mulighet for utvikling
- Personalet tar barna på alvor -> «Møter jeg et barn så møter jeg et menneske»

Du kan lese meir om progresjonsplanen vår her:

[Progresjonsplan: omsorg, danning, læring og lek](#)





5. BARN SIN MEDVERKNAD

«Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen på måtar som er tilpassa alderen, erfaringane, dei individuelle føresetnadane og behova til barna.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27).

Våre metodar for å sikre barns medverknad:

Barnehagelova §3:

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modning"

Me jobbar i periodar med prosjekt over korte/lengre periodar. I prosjekta tek me utgangspunkt i barna sine interesser og ynskjer. Dei eldste barna kan sjølv fortelje og formidle kva dei syns er kjekt, spennande og interessant.

Dei yngste barna uttrykkjer seg ofte ved bruk av kroppsspråk/kroppshaldning, følelsar og mimikk. Gjennom observasjon av/kunnskap om dei minste barna får me godt kjennskap til kva som interesserar/opptar dei. Det er viktig at barna får eigarforhold til prosjekta me jobbar med.

Dei vaksne er gode rollemodellar for barna, ved å vera autoritative. Dei vaksne er engasjerte og tar barna i Olderdalen FUS kulturbarnehage på alvor. Personalet har respekt for barna og barna sine ynskjer/behov og har kjennskap til/forståing for barna sitt perspektiv.

Gode situasjonar kor barna sin medverknad kjem tydeleg fram:

- Samtalar i ulike situasjonar som t.d. samling, aktivitetar i små grupper, tur, leik, rutinesituasjonar som måltid, garderobe og stell, ein-til-ein-situasjonar, og barnesamtalar – både formelle og uformelle
- Observasjon av barn
- I planarbeid som tankekart der barna er aktivt deltakande
- «Den gode hjelpar»
- Innkjøp: barn og vaksne lagar handleliste og kjøper ting dei treng til t.d. prosjekt.
- Me lar barna medverke i kvardagen gjennom innspel og ønsker
- Me oppmuntrar barna til å ta initiativ og komme med idéar
- Me gir barna tid, og me er fleksible



6. SAMARBEID

«Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29).

Våre metodar for å skape eit godt foreldresamarbeid:

- Eit godt samarbeid mellom barnehage og heim er viktig for at foreldre skal føle seg trygge på personalet og det som skjer i barnehagen.

Me har to formelle organ for samarbeid mellom heim og barnehage:

- Foreldreråd og samarbeidsutval (su)

Foreldreråd består av foreldre og føresette til alle barna i barnehagen. Den viktigaste oppgåva til foreldrerådet er å ivareta fellesinteressa til foreldre og bidra til at samarbeidet mellom barnehage og heim skapar eit godt barnehagemiljø. Det vert valt representantar frå foreldreråd til å vera med i samarbeidsutvalet.

Samarbeidsutvalet består av representantar frå foreldre, frå tilsette og dagleg leiar. Su skal bl.a. ivareta barnehagen, foreldre og eigar si interesse og sjå til at drifta av barnehagen er innanfor gitte rammer. Medlemene til samarbeidsutvalet vert valt på foreldremøte.

Dagleg kontakt med foreldre i bringe- og hentesituasjon ligg til grunn for godt samarbeid. Foreldre kan snakke med personalet kvar dag, i tillegg er telefonkontakt, sms og mail ei vanleg kontaktform.

Andre former for samarbeid/kontakt er:

- skriftleg info via MyKid -> «Dagen i dag», bilder, informasjon
- mail frå dagleg leiar eller pedagogar
- foreldresamtalar


Når nye foreldre får plass i Olderdalen kultur-barnehage, får dei tilsendt diverse skriftleg info frå oss: vedtekter, barnehagerute, våre tilvenningsrutinar, opplysningsskjema, helseerklæring, info om FUS, o.l.

Når det gjeld oppstart i barnehagen har me eigen plan med følgjande praksis:

- velkomst skriv i mai/juni
- foreldremøte for nye barn og foreldre i juni
- telefonkontakt/besøk
- fastsett tidspunkt for oppstart med fast vaksne som tek imot barn og foreldre
- tilvenning etter avtale med kvar enkelt forelder og barn, etter behov

Me vektlegg resultatane frå brukarundersøkinga og muntlege tilbakemeldingar frå både personalet og foreldra. Kommunikasjon er ein fellesnemnar for alle samarbeidsformer, og barnehagen vil jamnleg vurdere kommunikasjonen i forhold til foreldresamarbeidet.

- Grunnlaget for eit godt samarbeid blir lagt i den daglege kontakten når barnet vert levert i barnehagen og henta frå barnehagen. Forholdet må byggja på openheit, tillit og elles generell god kommunikasjon
- Foreldreråd og samarbeidsutval (su)
- Mail frå dagleg leiar eller pedagogar
- Foreldresamtalar, foreldremøte om hausten, og om våren for nye foreldre i barnehagen og foreldre til barna som skal over på storebasen
- Arrangement om ettermiddagen på Luciadagen
- Felles sommarfest for heile barnehagen, i tillegg til avsluning for Issa Bissa
- God informasjon via «Nyhetsbrev» og kalender i MyKid
- Vere i god dialog med foreldra og lytte til deira innspel

**Samarbeid med andre instansar:**

- Stord kommune
- FUS as og Trygge barnehager as
- Andre barnehagar i kommunen og i FUS
- I periodar samarbeidar me med HVL (Høgskulen på Vestlandet), skular og NAV
- Stord kommune
- Gjennom BTI (Betre tverrfagleg innsats) har me samarbeid med andre instansar som PPT, helsestasjon, BUP, fastlege og barnevernstjenesta



7. OVERGONGAR

Tilvenning i barnehagen

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar og knyte seg til personalet og til andre barn.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 33).

FUS har sin eigen standard for tilvenning i barnehagane. Me har tatt utgangspunkt i den og laga ein plan som er tilpassa oss i Olderdalen, og som ligg på heimesida.

Du kan lese meir her: [Tilvenning i Olderdalen](#)

Våre metodar for å sikre ei trygg og god tilvenning og god overgong innad i barnehagen:

- barna på litlebasen som skal på storebasen i august, blir kjent med - og brukar storebasen sitt inne- og uteområde om våren
- foreldremøte i juni, for foreldre med barn som skal begynne på storebasen i august

Overgangsplanen mellom barnehage og skule, gjeldande for Stord kommune:

[Overgangsplan barnehage - skule](#)

Overgangsplanen vert og tilgjengelig via MyKid, for foreldra i Olderdalen.



8. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

Lærande organisasjon

«Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gi barna eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vere grunnlagt i barnehagelova og rammeplanen.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

I FUS er me lærande barnehagar. Personalet er i kontinuerlig utvikling, reflekterer over faglege og etiske problemstillingar, held seg faglig oppdatert og er gode rollemodellar.

Senge (2006) seier: “ein lærande organisasjon er ein organisasjon som kontinuerlig forbedrer si evne til å skape si eiga framtid.”

Me legg difor vekt på at personalet utviklar evnene sine og bygger kapasiteten sin slik at barna møter omsorgsfulle og kompetente tilsette.

Våre metodar for å oppretthalde ein lærande organisasjon:

- «Barnet først», CLASS og TIK som kompetanseheving i personalgruppa
- Kurs, møter, samtalar, rettleiing og refleksjonar
- Me deltek på felles satsingsområde i Stord kommune
- Egenledelse i lek og læring
- Me held oss fagleg oppdatert innan nyare forskning

Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og progresjon for enkeltbarn og barnegruppa, og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 37).

Våre metodar for planlegging:

- Olderdalen FUS kulturbarnehage byggjer opp kompetansen til personalet gjennom langsiktig kompetanseplan utfrå eigne behov, satsing frå statleg og kommunalt hald, og felles kompetanseheving i FUS.
- Me planlegg bl.a. ut frå Rammeplanen og anna lovverk, kunnskap, interesse og erfaring, og barna sine ynskjer og interesse.
- Me lager ulike handlingsplaner ut frå forskjellige emner som for eksempel foreldreundersøkelse, og CLASS
- Årsplanen er eit arbeidsredskap for personalet for å sikre kvaliteten i arbeidet med barna, og informasjon til foreldra korleis me jobbar
- Gode rutiner for barn og vaksne

Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehageplanane, barnehagelova og rammeplanen. Vurderingsarbeidet skal byggje på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Trivselen og den allsidige utviklinga til barnet skal derfor observerast og vurderast fortløpande, med utgangspunkt i dei individuelle føresetnadene til barnet og kunnskap om barns utvikling og behov. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsgrunnlaget.


(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 38).

Målet med vurderingsarbeid er å sikra kvalitets-utvikling og erkjenne at barnehagen treng endring heile vegen, samt oppfylle kravet i lov om barnehage §10 om kommunen sitt ansvar for tilsyn.

Barnehagen vurderar det pedagogiske arbeidet gjennom diskusjonar og refleksjonar i personalgruppa, tett samarbeid med barna og innspel frå foreldre.

Vurdering i Olderdalen skjer i hovudsak gjennom:

- pedagogmøter, personalmøter, planleggingsdagar og avdelingsmøter
- me observerar, reflekterer og vurderer fortløpande i kvardagen barna sine behov og barna si utvikling, slik at barna får god tilretteleiing.
- lovverk, rammeplan, årsplan og pedagogisk plattform
- CLASS-observasjon av ekstern CLASS-observatør, der me lagar handlingsplanar
- pedagogiske rapportar og prosjektevaluering
- BTI – Betre Tverrfagleg Innsats
- samtalar med barna og barneintervju med 5-åringane. Me har barnesamtalar haust og vår med barna på storebasen, relasjonskartlegging: «Den gule bussen» - relasjonar mellom barn
- foreldresamtalar
- brukarundersøkingar frå UDIR og FUS
- pedagogisk dokumentasjon
- HMS-rundar



Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagen sitt arbeid med å planleggje, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda.
(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 39).

Dokumentasjon i barnehagen skal vera grunnlag for personalet si refleksjon og læring, og den skal synleggjera barna si utvikling og læring gjennom lek og aktivitet. Dokumentasjon kan og gi utanforståande eit innblikk i kva barna lærer, opplev og kva dei gjer i barnehagen.

Dokumentasjon i Olderdalen skjer i hovudsak gjennom:

- CLASS-rapportar frå ekstern observatør
- daglege samtalar med foreldra i bringe-og hentesituasjon
- via MyKid: «Dagen i dag», generell informasjon, og mnd.planar via kalenderen
- via MyKid: bilete frå turar/aktivitetar
- teikningar/barna sitt arbeid, evt. utstillingar
- skriftleg info til foreldra frå dagleg leiar eller pedagogar
- månedsplanar
- dokumentasjon etter foreldresamtalar
- observasjonar og kartlegging td. TRAS, Alle Med, ASQ m.m ved behov
- barnehagen si Facebookside og Instagramside

Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte

«Barnehagen skal tilpasse det allmennpedagogiske tilbodet etter behova og føresetnadane til barna, også når enkelte barn har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Inkludering i barnehagen handlar òg om å leggje til rette for sosial deltaking. Dersom det er grunn til å tru at barnet ikkje kan få dekt behova sine innanfor det allmennpedagogiske tilbodet, skal barnehagen opplyse foreldra om retten til å krevje ei sakkyndig vurdering av om barnet har behov for spesialpedagogisk hjelp.»

(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Våre metodar for tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet:

- me brukar BTI – Betre Tverrfagleg Innsats. Me lagar tiltak for barnet i samarbeid med heimen, evt. andre instansar
- observasjon av barna over tid. Me vurderar undervegs og justerar i tråd med barna sine behov og barna si utvikling
- personalet er støttande stillas for barna i ulike situasjonar
- språkgrupper
- dele i mindre grupper og ha ulike aktivitetar som spel, lek, rollelek, tradisjonsleikar, og oppgåveløysing
- me startar BTI og lagar tiltak, og kontaktar ulike instansar for rettleiing

Her kan du lese meir om BTI:


[BTI - Betre Tverrfagleg Innsats](#)

Vår progresjonsplan for fagområda i Rammeplanen kan du lese her:

[Progresjonsplan, fagområda i Rammeplanen](#)



9. BARNEHAGEN SINE FAGOMRÅDE



Barnehagen har 7 ulike fagområde:

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle, mat og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknologi
- Mengd, rom og form
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn

«Fagområda speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremje trivsel, allsidig utvikling og helse. Barnehagen skal sjå fagområda i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Barnehagen skal ta utgangspunkt i engasjementet og bidra til barna slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen til barna. Barna skal utvikle kunnskapar og ferdigheiter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar.»


(Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 47).

Gjennom barnehageåret 2026-2027 skal me jobba med felles tema.

Me tar utg.punkt i kva me legg i begrepet «Kulturbarnehage»: at me er kulturformidlarar i kvardagen, og skal ha fokus på:

- arv og tradisjon
- lek og gode opplevingar

Årsplanen for 2026-2027 er godkjent av samarbeidstvalet i Olderdalen FUS kulturbarnehage





Kunnskapsdepartementet. (2017).
Rammeplan for barnehagen: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver.
Hentet fra <https://www.udir.no>